

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 13.02.2015
SAKSHANDSAMAR: **Bård Humberset**
SAKA GJELD: **Instruksar for revisjonsutval og internrevisjon**

ARKIVSAK: 2015/1411/
STYRESAK: **030/15**

STYREMØTE: **03.03. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner endring i instruks for internrevisjon slik det går fram av saka.

Oppsummering

Helseføretakslova vart endra med verknad frå 1.1.2013. Konsekvensane for revisjonsutval og internrevisjon vart drøfta i styresak 034, 6. mars same året. Ein såg lite behov for endringar den gong, og det er ikkje gjort endringar i instruksane for internrevisjon og revisjonsutval sidan det. Ein bør samstundes ha periodiske vurderingar av instruksane, for å vere trygg på at dei femner det ein ønskjer.

I denne saka vert det gjort framlegg om ei mindre justering i instruks for internrevisjon, ingen i instruks for revisjonsutvalet.

Fakta

I 2013 vart nemninga revisjonskomite endra til revisjonsutval, og elles såg ein ikkje behov for endringar i instruksen. Det er heller ikkje i 2015 behov for endringar.

Lovendringa hadde lagt mynde for tilsetting av internrevisor til det regionale helseføretaksstyret. I instruks for internrevisjon låg denne til administrerande direktør og ein måtte reformulere instruksen på dette punkt.

I saksframlegget vart det dessutan trekt ei prinsipiell line frå tilsettingsmynde til lønsfastsetting. Konklusjonen den gong (2013) var at styret tok over også dette, frå administrerande direktør.

Vi har nå to års erfaring med gjeldande instruksar. Etter internrevisor si vurdering ligg det ikkje føre behov for endringar i instruksane, med eit unntak: Forenkling av prosedyren for fastsetjing av godtgjersle til internrevisor.

Dagens tekst i instruks for internrevisjon lyder:

- 2.1 Internrevisjonen er underlagt styret i Helse Vest RHF. Den rapporterer fagleg til styret sitt revisjonsutval og administrativt til administrerande direktør.
- 2.2 Styret tilset, seier opp og fastset godtgjersle for leiar for internrevisjonen i samråd med revisjonsutvalet.

Den vert føreslått endra i punkt 2.2 til:

- 2.1 Internrevisjonen er underlagt styret i Helse Vest RHF. Den rapporterer fagleg til styret sitt revisjonsutval og administrativt til administrerande direktør.
- 2.2 *Styret tilset og seier opp leiar for internrevisjonen i samråd med revisjonsutvalet. Administrerande direktør fastset i samråd med revisjonsutvalet godtgjersle til leiar av internrevisjonen.*

Punktet tar opp i seg at lova krev styretilsetting, og er samstundes ei justering tilbake til den regel og praksis ein hadde tidlegare med administrativ fastsetjing av godtgjersle.

Kommentarar

Grunngjeving for forslaget:

- I dag er det to saker om godtgjersle som kjem til behandling i styret, den til administrerende direktør og den til internrevisor. Den siste skal også innom revisjonsutvalet på vegen. Begge saker er unntatt offentlegheit. All anna godtgjersle vert handtert av administrerende direktør. Det vil vere ei forenkling om fastsetting av internrevisor si godtgjersle kan handterast administrativt.
- Internrevisor er underlagt dei administrative ordningar som gjeld for tilsette i RHF-et på alle andre område.
- Ingen av dei andre helseregionane har tilsvarende ordning.
- Dersom det skulle vise seg å vere vanskar med å handtere ei administrativ ordning, bør det kunne drøftast ved neste vurdering av instruks.

Konklusjon

Forslaget er at mynde til å fastsette godtgjersle for leiar for internrevisjonen i samråd med revisjonsutvalet, blir flytta frå styret til administrerende direktør. Tilrådinga er i forståing med administrasjonen i Helse Vest RHF, og vart tilrådd av revisjonsutvalet på sitt møte 12.2.2015.

Vedlegg:

1. Gjeldande instruks for internrevisjon
2. Gjeldande instruks for revisjonsutvalet